

Blanke eller svarte sekker?



Det har den siste tida vore omtala i media at Norsk Gjenvinning innfører forbod mot svarte sekker. SIM vil i den samanheng informere om ordninga i vårt område. Ved SIM sine miljøsentralar tek ein i mot avfall i svarte sekker, men me ynskjer helst at du leverer avfallet i blank sekk.

Bakgrunnen for det er å hindre feilsortering. Malingsspann, batteri, mobiltelefonar, lyspærer og farleg avfall. Lista er lang over produkt som vert kasta i svarte/ugjennomsiktlege sekker, i brennbar-rest konteinaren på SIM sine miljøsentralar. Dette er avfall som inneheld miljøgifter, og som skal leverast som farleg avfall eller EE-avfall. Slikt avfall er òg kjelde til brann i avfallsanlegg. Det er kostnadsfritt for hushaldskundar å levere EE-avfall og farleg avfall til SIM sine miljøsentralar.

All erfaring viser at terskelen for å kasta slikt i sekken er lågare dersom sekken er ugjennomsiktlege. SIM sender slikt avfall til mottak som har spesialisert seg på destruksjon. I tillegg kan det vera materiale som kan nyttast om igjen, særleg i EE-avfallet.

Kundar som kjem med avfallet i svarte sekker kan risikere å måtte sortere avfallet sitt før ein får levert det. Blanke sekker kan private kundar få ved alle SIM sine miljøsentralar. Næringskundar kan kjøpe sekkene. Dette er spesialsekker for restavfall til miljøsentral. Ein kan ikkje bruke sekker som vert delt ut til plastemballasje. Desse skal berre nyttast til det føremålet.

Svart ekstrasekk til restavfall:

Når det gjeld den svarte ekstrasekken, som ein kan få kjøpe og setje ut saman med restavfallsdunken, stiller det seg litt annleis. Den er å rekne som dunken din og den er heller ikkje gjennomsiktlege. Dette for at ikkje avfallet du kastar heime skal liggje «synleg» langs veg.

Mvh

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM)